



Stølsdrift i Kårdalen



Figur 1 Syklistar og geiter i Kårdalen

NØKKELDATA

Støttemottakar og ansvar

Føretak	Sogn Jord og Hagebruksskule
Kontaktperson	Kristin Ryum
Adresse	
Telefon	57632650
E-post	Kristin.ryum@sfj.no
Internett	www.sjh.vgs.no

Økonomi - sum i prosjektperioden

Utgifter

Tilskot frå programmet	120000
Anna offentleg støtte	
Privat støtte	

Eigenfinansiering

Driftsresultat

Eigendel, timar / personar

Prosjektperiode med programstøtte - status

	Dato	Ferdig (x)
Oppstart - plan	1.juni.2007	
Avslutning - plan		1.juni 2010

SKILDRING AV PROSJEKTET

Sogn Jord- og Hagebruksskule tok initiativ til prosjektet etter at skulen i fleire år har vore med på fellesstølen Kårdalen. I Kårdalen ligg det godt til rette for ei satsing på opplevingsnæring med Flåmsbana og Rallarvegen som kjende reisemål. I samarbeid med geitebonde Anne Kari Dalsbotten har me utvikla planar for utbetring av stølen, bygging ystebu, serveringsplass og toalettanlegg.

MÅL I PROSJEKTET

Hovudmålet i prosjektet er å oppretthalde og vidareutvikle stølsdrift med geiter i Flåmsdalen

Delmål 1 Undervisning i opplevingsturisme

For SJH som vidaregåande skule, er det òg viktig å utvikla den pedagogiske biten med utdanning i utmarksbasert opplevingsnæring i regionen. Elevane skal læra stølsdrift, ysting, sal og omsetning av stølsprodukt, vertskapsrollen, og samanhengen mellom landbruksnæringa og kulturlandskapet.

Delmål 2 er sal av brunost, stølskost og opplevingar.

RESULTAT I PROSJEKTET

Det å møta ein geiteflokk og det å få ein smak av ekte geitost når du sykklar eller vandrar i Flåmsdalen er ein ting som vil auke opplevingsverdien. Ysting av mjelka på stølen vil redusera trongen for mjelketransport frå Kårdalen, noko som pr i dag er krevjande og arbeidsamt for både brukarane og meieriet. Sal av stølsprodukt vil betre økonomien i stølsdrifta.

EFFEKT PÅ OPLEVINGSBEDRIFTENE

Stølsdrift i Kårdalen vil vere i trå med måla til Nærøyfjorden Verdsarvpark. Andre opplevingstilbydarar som vil ha god nytte av stølsdrift i Kårdalen vil vere Flåmsbana, Rallarvegen, Flåm Guide Service og også alle andre aktørar på Nærøyfjorden. Stølsdrift i Kårdalen vil og opne muligheiter for sal av andre opplevingar som t.d. fisking, turar med hest o.l.

EFFEKT PÅ LOKALSAMFUNNET

Kårdalen vil vera ein av fleire viktige satsingar i samband med Nasjonalt geitesenter i Aurland.

EFFEKT PÅ MILJØET

Som alle veit har geiter på beite mykje å sei for å halde kulturlandskapet i hevd. Ved å satse på ysting med biobrensel vil det bli rydda mykje skog og ein vil bremse attgroing i området.

EVALUERING OG FRAMTID

Prosjektet er i startgropa og vi er inne i ein prosess med planlegging og finansiering av utbygginga.

